

Osingen



Os Musikforening 100 år

Lokalhistorisk årsskrift 2001

Utgjeve av Os Mållag

17. årgang

Osingen

Utgjeve av
Os Mållag

2001

INNHALDSLISTE:

Anna Altmann:

Styrke (dikt)Side 3

Kåre Herdlevær:

Nils TveitSide 4

Lars Skorpen:

Den amerikanske
draumenSide 6

Barnesider:

Elevar i kl. 7A og 7B
Ved Kuventræ skuleSide 10

LimericksSide 13

Johannes Vedholm:

Her har dei
rydja og bygtSide 14

Elfrid Moberg:

Forsyningsnemnda - eit
livsviktig organ i krigsåra . . .Side 17

Gustav Moberg:

Eit midtpunkt i
teaterlivet i Os
i femti år – Karla Særvold .Side 22

MiniteikneserieSide 26

Lars Skorpen:

I kjølvatnetSide 28

Framsida viser Os Musikkforening
i Finnebrekka 17. mai 1962.
Foto: Øyvind Tøsdal.

Skriftnemnda:

Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Gustav Moberg
Lars Skorpen
Kåre Herdlevær

Trykk:

Geo Grafisk AS Bergen

Kr. 30,-

Til lesaren!

Det er Arne Garborg - år i år, på same måte som det var Ivar Aasen - år i 1996. Det er i år 150 år sidan Arne Garborg vart fødd. Om han ikkje var målgranskar, slik som Ivar Aasen, så er han ein av dei store i den rikholdige nynorskskogen av diktarar. Somme meiner han er den største. Vi skal ikkje leggja nokon av dei mange og gode nynorskdiktarane på skålvakt, men Arne Garborg sine tekstar frå Haugtussa er av dei mest brukte både i konsertsal og ved andre høve.

Årsmøtet til Noregs Mållag var i år i heimkommunen til Arne Garborg, Time, med Time Mållag som tilskipar. Os Mållag hadde utsendingar til møtet og fekk såleis ta del i fleire av tilskipingane som var ein hyllest til Time sin store son.

Skriftnemnda tilbyr i år den 17. utgåva av OSINGEN. Mykje av stoffet er tradisjonelt lokalhistorisk. Som lesarane vil sjå er her framleis slikt stoff som vi meiner bør fram i lyset. Om noko kanskje er kjent for nokre, så vonar vi på at nye og yngre lesarar har glede av å lesa det vi har å by på. Serleg vonar vi at nye osingar får glede av stoffet.

Skriftnemnda har heile tida sett det som viktig å få nye og kanskje ukjende medarbeidarar. Såleis har vi denne gongen fått løyve til å ta med dikt av Anna Altmann. For mange av dei eldre er ho kjent. Andre får no høve til å bli kjend med det ho har på hjartet.

Limericks er "in" i tida. Ikkje minst har NRK Hordaland gjort sitt til det med sine limericks-konkurransar om sommaren. Dei som har hatt høve til å høyra på lokalradioen for Hordaland har sikkert merka seg at fleire osingar har nådd høgt opp på "resultatlista". Vi takkar desse for løyve til å nytta produkta. Ei av desse, Sigrun Bukkholm, presenterer også eit dikt.

Teikneseriar er også "in". Teikneserietalentet Ragnhild Svenning Berge presenterer talentet sitt med ei miniteikneserie.

Skriftnemnda takkar alle som gjennom åra har hatt glede av OSINGEN og alle som støttar oss med lysingar og vonar at også årets utgåve vil falla i smak.

Gledeleg Jul

Helsing frå skriftnemnda

Helsing

Til _____

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå _____

Styrke

Av Anna Altmann

Styrke er ikkje
å truga med dei
sterkaste våpen.
Styrke er å forstå
menneske
som er forma
av ein annan kultur.

Styrke er ikkje
å vise hardheit
i ei verd som blør.
Styrke er å gi
varme
og hjelpande hender
til dei hjelpelause.

Styrke er ikkje
å tvinge menneske
i kne.
Styrke er å gi næring
til liv for alle.

Styrke er ikkje
å vinne stor makt.
Styrke er å halde ut
i avmakt.

Styrke er å kjempe
for det gode
i verda –
ein plass i sola
for alle mennesker.
Styrken ligg i dei
mjuke, opne hender
utan våpen –
og dei varme hjarter.

Styrke er å snu
det andre kinnet til,
å rope frå sterke
lunger,
"Nei, vi vil ikkje
halda fram slik –
vi vil ikkje drepe
og nøre meir hat,
vi vil ei anna
verdsutvikling".
Det er å snu
det andre kinnet til.

NILS TVEIT

av Kåre Herdlevær

Det er i år 125 år sidan Nils Tveit vart fødd. Mannen som skreiv Os-soga og Os-songen og som vart heidra med eit minnesmerke, avduka 17. mai i år. Daniel Grindevoll har i Bygdesoga for Os gjeve ein slik kort karakteristikk av Nils Tveit: Rosemålar, bonde, sogeskrivar, boksamlar, ordførar og bygdehovding, stortingsmann og diktar. Men med hans mange interesser kunne det leggjast til meir. For Os Mållag er det serleg viktig at han også var målmann. Då han overtok som ordførar i 1917, ei ordførartid som varde samanhengande i nærpå 25 år, var han den første ordføraren som førde møtebøkene for formannskap og heradstyre - som det heitte den gongen - på nynorsk. Reelt, men kanskje uformelt var det han som gjorde nynorsk til administrasjonsmål i Os kommune.

Bakgrunn

Nils Tveit var bonde, frå han overtok farsgarden i 1912, 36 år gamal. Han var stolt over å vera bonde og dreiv garden fram til eit mønsterbruk. Men med sine mange andre gjeremål, etter at han også kasta seg over politikken, var det kona Anna Olavsdr. Tøsdal og dei tre døtrene som skal ha si store æra av det.

Som odelsgut vart det smått med høgare utdanning. Folkeskule og Amtsskule var heile hans teoretiske bakgrunn. Men han fekk si vidare utdanning i "livets skule". Heime på målarverkstaden hos faren vart det diskutert ikkje så lite politikk, sidan både far, farbror og bestefedre var med i bygdestyringa.

Han hadde si ungdomstid i dei åra der oppløysinga av unionen med Sverige var eit brennheitt tema. Det er ikkje rart at den saka sette merke etter seg i ein politisk interessert ungdom. Dessutan gjekk han i ein god skule i Hegglandsdalen ungdomslag, som formann og aktiv medlem. Det er ikkje fåe av politikarane i Noreg som fekk si første opplæring i møteleiing og ordskifte i dei frilynde ungdomslaga.

Politikaren

Arbeidet hans som politiskar må nemnast. Å vera ordførar førde mykje med seg. Som ordførar var han fast representant i fylkestinget. Formann i åra 1932-34, fylkesrevisor 1918-1940. Han var respektert. Ein velvyrd Hordalandsordførar frå eit



Kongen og ordførar Nils Tveit beundrer skogen på Lysekloster. (Faksimile.)

anna parti vart i 1930-åra spurd: "Kven held De for å vera den mest dugande ordføraren i fylket?" Utan tviking kom svaret: "Ordførar Tveit i Os." – Han var varamann til Stortinget 1922-45, fast representant frå 1945 til han døydd i 1949.

Etter å ha lese igjennom alle formannskaps- og heradstyrevedtak frå hans tid, kan eg slå fast at han som ordførar såg meir på kva som tente bygda, enn kva som tente partiet. Men vi veit at politikarar kjem og går. Det er få av desse som set varande merke etter seg - som politikarar. Det som difor vil stå som eit varig minne til alle tider er at han gav oss –

Os-soga

Soga er eit meisterverk og er omtala som eit mønster for korleis ei bygdesoga skal vera. Statsarkivar Einar Jansen melde dei tre bøkene i 1942 og sette som overskrift: "Et bygdehistorisk standardverk". "Monumentalt" er også eit av uttrykka hans.

For alle oss som har glede av Os- soga, både som rein litteratur og som oppslagsverk, er det ufatteleg korleis ein mann har kunna samla så mykje kunnskap om bygda og folket som har levd her og gjeve det vidare på ein slik levande og lettlest måte. Journalist Anton Beinset i Dagbladet laga eit portrettintervju om Nils Tveit i 1941. Han skreiv m.a.: "nå foreligger bygdeboka ferdig, en av de beste, kanskje den beste av bygdebøker som er kommet av bygdebøker her i landet".

Arbeidet med Os-soga tok lang tid. Han skriv sjølv i føreordet til første bandet: "Hadde eg tenkt meg at arbeidet vart so drjukt som det i røyndi var, so hadde eg ikkje teke i ferd med det". Nemnde Dagbladjournalist avfeiær denne utsegna slik: "Å jo. Jeg tror det, kjenner jeg denne vestlendingen med de kvasse bråe bevegelsene og de sterke livfulle øynene rett. Han ville neppe gi opp om han visste han hadde lang fjord å ro i motvind. Det har ikke vært skikk og bruk der borte."

I føreordet til tredje bandet skriv han m.a. slik: "—Kvar time av mi fritid og dei pengar eg hev tent er brukt til verket. Berre på den måten kunne eg greida arbeidet."

"Kvar time av mi fritid—". Ein kan undra seg over kva han kalla for fritid. Det må ha vore, som han skriv, at gamle Os-banen var ein kjær arbeidsplass – i fritida. "Særleg hev ferdene med Os-banen vore framifrå til arbeidet, med di Os-toget gjekk alltid so høveleg seint og stogga so lenge på stasjonane," skriv han. Nils Tveit var vel ein av dei få som sette pris på at Os-toget gjekk høveleg seint. Ein kjær arbeidsplass, i fritida, var

det òg "å sitja på ei kjerra skranglande etter vegen millom Hegglandsdalen og Osøyri."

Nils Tveit gjorde det meste av arbeidet sjølv. Men han hadde også gode hjelparar, både økonomisk og på annan måte. Yngste broren, Henrik Tveit, har såleis sytt for dei fleste bileta i verket.

Os-songen

Nils Tveit innleier første bandet av Os-soga med Os-songen, eller "Osbygdi", som er hans tittel på songen. Denne songen viser oss kjærleiken til bygda, med ei naturskildring som femner om bygda frå fjord til fjell. Fjellheimen skildrar han slik:

"Som hovding i bygda sit Møsnuken grå og ser over grendene ut.

Men Lyshorn stend ikkje langt derifrå, Det er no so fager ein gut.

Stor-Svinningen, Reinfjell og Gråfjell so traust
Stend skume og svarte og skodar mot aust,
Men Store-varde ser ut i vest som vaktmann mot ufredsgjest."

Då ufredsgjestane kom til landet i 1940 sat Nils Tveit på Stortinget. Han følgde med Stortinget på rømingferda til Hamar og Elverum og var såleis med på møtet, der regjeringa fekk dei nødvendige fullmaktene. Frå 1940 til krigens slutt var Nils Tveit fylkesforsyningsleiar. Han sat såleis sentralt plassert og kunne hjelpa mange forsyningsleiarar i kommunane som dreiv illegalt arbeid, med rasjoneringskort. Dessutan var han med i styret for den sivile delen av Heimefronten og i eit mellombels illegalt fylkesutval. Som ordførar vart han avsett i januar 1941 og innsett igjen i mai 1945.

Bygdehovding

I sitatet ovanfor av Os-songen set Nils Tveit Møsnuken til naturen sin hovding i bygda. Om fjella har sine hovdingar så har mange bygder sine. Daniel Grindevoll kallar såleis Nils Tveit for bygdehovding. Det er eit krevjande ord. Hovding i bygda. Men er det nokon som med rette kunne kallast bygdehovding for si tid, så er det Nils Tveit. Og ikkje berre for si tid. Også for seinare slekter, med tanke på alt han let etter seg i form av Os-soga, Os-songen og ei rekkje lokalhistoriske skrifter. Det siste "Meieribruket i Hordaland" låg ferdig i manuskript då han døydd brått i Oslo den 13. juli 1949, i heimen til yngste dotter si. Eit rikt og arbeidsfylt liv var slutt, men med Os-soga og Os-songen har han sett seg eit varig minne.

Kjelder: Os-soga.

Den amerikanske draumen

Av Lars Skorpen

Kyrkjegarden, ein fredeleg stad. Oktober. Stansar ved ein kvit gravstein, grava er av dei finaste. Men tida er ute. Denne grava skal slettast. Åtti år er gått. Grava til Johan Midtsæter. Vêr til å vandra vidare.

Johan Ingvald Nilsson Midtsæter var ein motig mann. Kva var det som dreiv denne ungdommen ut i eventyret? Til å kryssa havet? Han burde vera redd sjøen.

Hausten 1904 var far hans, Nils Midtsæter, saman med andre frå grenda til kyrkje på konfirmasjonssøndagen. Båt på kyrkjeveg var vanleg. 43-åringen, Nils, kom bort då dei kollsigla utafor Lio. Stormen tok fem liv.

Likevel har ungguten manns mot. Reiser ut i 1911, berre 18 år gammal. Heimom ein tur i 1913 og kryssar på ny Atlanteren året etter. Blir målarvein i Cleveland, Ohio, seinare Minneapolis og Philadelphia. Kva er det som driv denne ungdommen frå Kleivo på Midtsæter

fram til ein verdsborgar? Eg prøver meg alle-reie no med eit veikt vink; eit uvanleg pågangs-mot og hardt arbeid. Johan fekk "den amerikanske draumen" til å verka i vaken tilstand. Korleis kunne han elles teke den kostbare heimturen etter berre eit par år? Var det eit møte med mora, Magdela, som dreiv sonen heim? Han har nok følt mykje ansvar for mora på Midtsæter. Skriv om pengar han har prøvd å senda heim. Vi ser ein gut med stor omsorg for enkja på Kleivo.

Eventyrlyst

Johan Midtsæter vart fødd på Kleivo på Midtsæter 6.februar 1893 som nummer tre i ein søskenflokk på åtte. Tronge kår på småbruket fekk fart på utferdtrongen og eventyrlysta, som også låg genetisk og lurte. Eldstebroren, Engjel, slo seg seinare ned i Tacoma, Washington, med kone og fire døtrer,



*Kleivo i dag.
Foto: H. Flaterås.*



Johan Ingvold Midtsæter 1893 - 1920.

og bruket på Midtsæter gjekk ut av slekta i 1931.

Vi veit ikkje så svært mykje om Johan desse første åra som utvandrar. Men tørre tal fortel oss at i perioden 1890-1920 blei USA innvadert av 18,2 millionar innvandrarak. Han var altså ein av mange som kom til den nye verda i desse åra. Ein tradisjon som kan førast tilbake til Knut Knutson ytre Lekven som den aller første osingen. I 1852 slo han seg ned i Iowa og kalla farmen sin Lequin.

Digitalarkivet over emigrantar over Bergen frå Os kommune gir oss følgjande tørre fakta om Johan andre gongen han reiser: *Avgang frå Bergen den 7.juli 1914 med reisennummer 1738. Han skal til Cleveland, Ohio, og grunnen til reisa er at han har vore på besøk heime. Han er målar av yrke og reiser med Den norske Amerikalinje.*

Når vi ser på avreisedatoen kan vi i ettertidklokskap sjå for oss at han seglar frå Bergen og inn i ei svært vanskeleg tid. Fjorten dagar etter landkjenning i USA står Europa i brann. I april 1917 går USA med i krigen. Frå no av er det spesielt spennande å følgja ungguten frå Midtsæter.

Flygar

Så hamnar Johan på Kelly Field, San Antonio, Texas, sommaren 1917. Han skal bli flygar. Han skriv heim til mora, Magdela, som no er i 50-årsalderen. Brevet er datert 14. Oktober 1917. *"Jeg er nu inde i den Amerikanske flyve Eskadron, skal lære at "fyka". Jeg er nu nede i Texas, og du kan tro det er varmt hernede."*

Breve heim viser ein gut som er svært glad i mora si. Ei mor som sit åleine med ansvar for småbruk og tenåringar. Veslejenta, Nilsina, er berre 13 år gammal. Vi kan så inderleg vel sjå for oss Magdela på Midtsæter når ho motar seg til å opna brevet frå andre sida av havet – og les. Johan fortel mora at han har brukt alle sparepengane sine på flyskulen. *"Dersom krigen varer en tid. Gud forbyde at den gjør. Saa kan jeg nok tjene de pengene op igjen."*

Det er tydeleg at Johan er ein frivillig, verva soldat (enlisted). Han vil verkeleg noko. Han er ikkje statist. Han er aktør. *"Du kan tro at jeg liker den amerikanske vei US lærer sine soldater at føre krig paa. Amerika er den eneste nation paa jorden for mig utenom Norge."* Guten gløder. Vi kan vera samde eller usamde i engasjementet hans. Pasifist eller ikkje. Men noko rører oss med pågangsmotet.

"Dersom det blir en tid førend du faar brev fra mig saa bliv bare ikke bange. Gud han styrer alle vore veie og han har vor fremtid i sin haand." Heilt klart er det også at barnetrua til Johan er halden i hevd. Brevarket er då også merka med: *"Young men's Christian Association Army and Navy."*

Krig

I det følgjande er Odin Leirvåg sterkt medverkande. Som medarbeidar har han delteke aktivt for å finna fram til fakta om Johan og flygarlivet hans. Som flygar i Braathens og kronisk flyinteressert har han vore i Washington DC og saumfare krigshistoriske arkiv.

Johan er klar til krig. Vi kan følgja dei på reisa. Turen er levande skildra i ein rapport signert løytnant Averbach den 8. Januar 1919. 490th Aero Construction Squadron er på veg til Europa. Klokka fire om morgonen 22. november 1917 seglar dei ned East River til Cunard-linja sin kai nr. 56. *"We were leaving for*



De Havilland 4. Dette, eller liknande fly, har nok Johan fløye til fronten.

France to help win the fight for democracy," står det i rapporten.

Ein militær avdeling bestående av ni offiserar, 23 sersjantar, 12 korporalar og 100 menige er på veg for å vinna kampen om demokratiet. Sergeant John I. Sathre, som han no kallar seg, skal kryssa Atlanteren for fjerde gong i sitt 24-årige liv. Dei er glade for å kunna gå om bord i ein såkalla "heldig båt", Carpathia, som nokre år tidlegare var med på å plukka opp overlevande frå Titanic-katastrofen. Med kaptein Robert Bell i spissen sette dei kursen mot det ukjende. Nokre mata krabbar, andre, oppegåande, let seg underhalda av eit innleigd jazz- orkester. Overfarten blei i alle fall fattig på frykta ubåtar. Og i skumringa den 7. desember klappa dei til kai i Liverpool. Ei veker tid seinare blei dei "jaga" over kanalen av ein tysk ubåt og kom via Le Havre til Saint Maixent i Frankrike.

Då vi først hørde om flypioneren frå Os for nokre år sidan, var vi sikre på at han var jagar-flygar som kanskje hadde vore i kamp med Manfred von Richthofen og andre «eventyrfigurar». Etter at vi grov høgt og lågt for å finna "nytt frå Vestfronten" om akkurat

Johan Ingvald, fekk vi etter kvart puslebitane på plass. Men det tok tid og var vanskeleg. Skvadronen vi leita etter, hadde skifta namn, og Johan Midtsæter var blitt til John Sathre. Vi fann ut at han kanskje hadde eit endå meir variert og spennande liv på Vestfronten enn vi hadde rekna med.

Romorantin

13. februar i 1918 etablerte Air Service Production Center nr. 2 seg i Romorantin noko sørvest for Paris. Frå no av var sergeant John I. Sathre aktiv aviatør i kampen for demokratiet. Ein kamp som kosta eit titals millionar livet. Aviatør for å bruka tidstypisk terminologi. Ein aviatør var mekanikar, montør og flygar. Han sette seg ikkje berre inn i flyet og tok av. Men la oss koma tilbake til Johan – som vi vel å kalla han – sitt daglege arbeid siste krigsåret på Vestfronten. Romorantin var som ein «by» med 15000 innbyggjarar. 50 flyhangarar. Eit moderne hospital med 1000 sengeplassar. Dette var altså eit servicesenter i god avstand frå fronten. Vi anar dimensjonane. Vi ser for oss aktiviteten

mellom fronten og Romorantin.

Her lever altså denne flygaren frå Os det siste krigsåret i første verdskrigen. Vi kan så godt førestilla oss kontrasten, frå krigsskodeplassen, til Kleivo. Johan er med på å montera fabrikknye fly frå det nye heimlandet sitt. Så skal han prøvefly. Er alle vaierar og barduner rett monterte? Ein snartur over Romorantin stadfester om flyet heng saman eller ikkje. Men så kjem kjempeutfordringa. Flyet skal flygast til fronten ein time eller to borte. Ein transportetappe full av fiendar.

På ein slik tur kan ulukka ha vore ute. Nils Tveit skriv i band II av Os-soga: *"Her vart han nedskoten og fekk skade i halsen, men kom seg og vart verande i Frankrike som ordensvern til krigen var slutt."*

I eit anna notat frå ein ukjend står det: *"— hvor han efter et uheld i krigen blev syk — uheldet bestod i et knæk i halsvirvelen —."*

Vi veit ikkje kva som eigentleg skjedde. Niesar og nevøar veit heller ikkje. Odin Leirvåg gir ikkje opp og vil endå ein tur til Washington D.C. Kanskje kan vi få vita meir etter snart hundre år?

Heim

Den 25.november 1918 skriv Johan brev til mora: *"Ja, krigen er nu slut, og snart saa stævner vi mot Amerika. — Jeg har været her ute på Vestfronten et helt aar —. Det er sandelig en glæde at kunde komme fra dette med arme og ben —. Vil gjøre mit bedste at komme hjem en tur saa snart jeg blir utskrevet. Ja, kjære mor, jeg ønsker dere alle en glædelig jul og et velsignet nyttaar."*

Din søn Johan."

Når freden berre er fjorten dagar gammal, skriv han heim – varmt og venleg. Han nemner ikkje noko om helsa. Klagar ikkje. Vi veit at han får permisjon frå Frankrike i mai 1919. Han reiser via England mot "gamlelandet". I London fører nakkeskaden til 14 dagar på sjukehus. Kanskje eit varsel.

Johan Ingvald kom til Noreg i slutten av juni 1919. Grindagutane visste vel at "fykaren" var på veg og andre ungar sprang treskoa av seg for å sjå "astronauten" – etter dagens målestokk. Han sat roleg i baksetet i ein open

bil. Kongeleg jubla fram gjennom Hegglandsdalen. Det er mykje vi ikkje veit om Johan i denne fasen av livet heller.

Etterord

Våre refleksjonar i ettertid tek tak i oss. Ein einar med mot og meining blei ein slags tapar i det amerikanske systemet. Han skriv i eit brev til mora at han etter flyskulen ville bli førsteløytnant. Der tok han feil. Ein offiser måtte ha den rette familiære bakgrunnen. Men han gjorde det så godt som ein frå Kleivo kunne – flygar og førstesersjant, men fekk ikkje fly operativt.

Ein oktoberdag i 1920 måtte Magdela følgja sonen til grava. Den einaste vesle trøysta i ei vanskeleg tid var dei regelmessige dollarane som kom frå den andre sida av Atlanteren.

Men den amerikanske draumen enda på Os kyrkjegard denne haustdagen. Den flotte, nyopp-pussa marmorsteinen bør bli ståande som eit varig kulturminne.



Foro: H. Flaterås.

BARNE SIDER

Av elevar frå klasse 7A og 7B ved Kuventræ skule

Intervju med Johannes Martin Hjelte. Han er 65 år og jobbar mykje med tre.

1. Korleis såg det ut i Os i din barndom?

Fjellheim såg akkurat ut som den gjer i dag. Bortsett ifrå amfi. Vi sat på samanhengande stolar. Der som parkeringsplassen ved kommunehuset er, var det ei stor strand. Det huset der M.K. Olsen er i i dag, var det ein stor plass der vi hadde klatrestenger på 17.mai. Brua over til Haugsneset var ikkje der.

2. Korleis var det å bu på Os?

Det var veldig fint å bu på Os. Alle kjente alle.

3. Kva skule gjekk du på?

Eg gjekk på Os skule. Os skule ligg akkurat der den ligg i dag.

4. Korleis var det på skulen før i tida?

Av og til var det fint og av og til ikkje fullt så fint.

5. Kva gjorde du på fritida?

Då laga vi noko på fabrikk til far. Vi var på kino. Vi var ute seint om kveldane og leikte blant anna: "vi seilar, vi ror." Så kjørte eg til meieriet med mjølk ein gong i veka med hest. Og vi gjekk no litt på fjellet og. Og så måtte vi hjelpa til på garden og nokre gonger måtte vi hjelpa til i fjøset. Og eg hadde ein snill bestefar som lærde meg til å dreia. Og det har eg hatt nytte av seinare i livet.

6. Korleis har Os forandra seg opp gjennom tida?

Den har forandra seg frå å vera ei bygd på landet til ein tettstad med butikkar og trafikkaos. Det var inga Halhjemferje. Men det var ein rutebåt som var regelmessig innoom Os. Vi kjørte til byen med små bussar på humpete vegar og i dag kjører vi med moderne bussar på asfaltveg.

7. Er det betre å bu på Os no (eventuelt kvifor)?

Ja, det er betre. Det er betre å få fatt i varer, betre kommunikasjon og Os er blitt ei fin bygd.

8. Har du nokre tips til oss unge som veks opp i dag? Ta godt vare på ungdomstida di. Du får ho ikkje tilbake. Lær deg så mykje du kan, for lærdom er lett å bere. Det er dei tipsa eg vil gje deg, sa han og smilte.

Intervju

Bestefar min heiter Lloyd Ardon Stanley Herbert. Han blei fødd for 62 år sidan i Vestindia St. Vincent.

1. Korleis var det å kome frå Vestindia til Os?

Det var veldig bra. Eg likte meg veldig godt og eg vart veldig godt mottatt av alle her på Os.

2. Korleis var det å lære norsk?

Det var litt vanskeleg i begynnelsen, men eg fekk god hjelp av mine arbeidskollegaer på Hansa.

Kva var den største forskjellen på Os og Vestindia?

Det må vere varmen og veret.

4. Er det noko spesielt du gler deg til her på Os?

Nei, ikkje noko spesielt.

5. Kva liker du minst med Os?

Det er ikkje noko negativt med Os unntatt dop, vold og innbrot.

6. Viss du kunne velje ville du gjort det same om igjen?

Ja, kvifor ikkje.

Takk for intervjuet.

Fisking



Kom deg ut og ta med deg fiskestang og snelle. Kom deg til eit vatn, ei elv eller ein bekk og hiv uti snøret. Vent på eit napp, og når fisken bit, så rykk til og sveiv inn. Fiske er ein gøy og morosam sport. Her er nokre gode råd:

Makrell: Blanke slukar. – Aure: Wobler og fargerike slukar. – Torsk: Tunge slukar (Harpe).

Lyr: Passe tunge slukar. – Gjedde: Wobler og fargerike slukar. – Ål: Åleruse og makk.

Eg anbefalar fiskemerket Abu Garsia, men det er litt dyrt!!!



Hobby

Min hobby er hestar. Eg er i stallen til besten min kvar dag. Eg har ein ponny og den må eg ut med kvar dag. Eg rir ofte på dei store travarane våre. (Kuven Rinda ofte og Kuven Jon og Kuven Texa av og til). Eg er på Bergen Travpark kvar torsdag. Eg er av og til med i løp med Dino (ponnyen min). Han har vunne to gonger. Vi låner ein ponny som heiter Breddy (kallenamn). Vi rir ofte i lag med han om søndagen og tirsdagen. Vi skal spørje om nokon vil trene med oss om søndagen der vi bur, for vi har fått ein fin treningsbane.

To gode vener

To gutar var veldig gode vener. Lars og Ole heitte dei. Lars og Ole var alltid saman og dei var aldri uenige. Dei gjorde lekser saman, og dei likte å gjere dei same tinga i fritida. Dei var ofte på overnatting hos kvarandre, og dei var på tur med familiane.

Ein dag fortalde Lars til Ole at familien skulle flytta til utlandet for nokre år. Han var veldig lei seg, og det vart sjølsagt Ole og. Dei snakka mykje om det som skulle skje, og dei visste at det var ingenting dei kunne gjere for å endre det. Lars prøvde å trøyste Ole med å sei at dei kunne skrive til kvarandre og kanskje ringe av og til. Dei måtte ikkje gløyme kvarandre, det var dei enige om. Tida gjekk og så kom den vonde dagen då Lars skulle reisa. Ole var med på flyplassen og det var trist for dei begge.

Etter at Lars var reist, vart Ole veldig einsam. Han gjekk mykje for seg sjølv og tenkte på Lars. Foreldra og læraren vart bekymra for han. Men etter ei veke kom det første brevet! Dette var ein stor dag for Ole. Han las brevet minst 100 gonger før han sette seg ned og skreiv tilbake. Dette var starten på 3 år med brevveksling mellom dei to gutane.

Så kom Lars tilbake og gleda var stor for dei begge. Dei hadde endra seg litt, dei var blitt eldre, men venskapet hadde dei halde vedlike med brevskrivinga. Difor kunne dei fortsetja der dei slapp.

Det er viktig å halde kontakt med vener sjølv om dei flytter.

Eisegn

Det var ein kald vinterdag. Familien var samla rundt middagsbordet. Då plutseleg hørde dei ein lyd frå låven. Det hørdest ut som om noko ramla ned på golvet. Alle gjekk ut for å sjå kva det var. Dei kunne ikkje sjå noko. Det var då ein merkeleg lyd, sa dei. Dei gjekk forundra tilbake til middagsbordet og fortsette å ete. Litt seinare same kvelden hørde dei den same lyden ein gong til. Dei gjekk inn på låven, men ingen ting var å sjå. Ei stund etterpå hørde dei rop nede frå vatnet som låg ca. 60 meter frå huset. Faren sprang utanfor huset og såg ein som hadde gått gjennom isen. Han sprang inn på låven og treiv tak i ein hesjestauro. Då ramla det fleire hesjestauro ned på golvet og dei laga akkurat den same lyden som dei hadde høyrte frå låven to gonger før.

Han sprang ned til vatnet med hesjestauren og eit tau. Han såg utover isen, men kunne ikkje sjå noko. Han ropa ut i kvelden, men fekk ikkje noko svar. Mannen som ropte om hjelp hadde alt sunke under isen og drukna. Han gjekk trist opp att til huset.

Dette opplevde tippoldefaren og tippoldemora mi. Dei kalla det eit førevar.



Fotball

Fotball, fotball
Kjempegøy.
Sparkar ballen
Masse støy.
Alle som er med på dette
Kan bli veldig, veldig sveitte.

Dikt

Hausten er her
Brune blad
Flyg i vinden
Det er litt sol
Kanskje litt kaldt
Men eigentleg er hausten heilt
Topp

Fred

Eg vil at alle skal vere venner
Eg vil at alle skal slutta og kriga
Eg vil at alle skal dele med kvarandre
Eg vil at alle skal vere rettferdige
Eg vil at alle folk skal slutte og krangle
Eg vil at det skal bli fred på jord.

Spørsmål.

1. Kva er Os sitt høgaste fjell?
2. Kva heiter kjøpesenteret i Os?
3. Kva heiter fjorden som Os-elva renn ut i?
4. Kva heiter radiostasjonen som er i Os?
5. Kva for ein by grensar Os til?
6. Kven bygde huset på Lysøya?
7. Når opna Amfisenteret, den gong Flåten Senter?
8. Kva for ei øy av Ytterøy og Innerøy er størst?

LIMERICKS

NRK Hordaland har hatt Limerick – konkurranse dei siste sommarane. Fleire osingar har fått premiar og/eller heiderleg omtale. Her er nokre:

Rim-ord: Skare og smør.

"Ei trallande jente frå Skare

Let kjærasten sporenstreks fare.

Han ville ikkje før

Han hadde fått smør!

Det vilkåret kunne ho `kje klare!"

Av Kirsten Kårbø (dagens vinnar)

Rim-ord: Kvam og politi.

"Attmed Fyksesund bru id`ne i Kvam

Søm ein gullfisk så liten og tam.

Han gret litt fordi,

At det kom politi

og gav forbod mot brødmatt i dam."

Av Kirsten Kårbø (dag- og vekevinnar)

Rim-ord: Kvam og politi

"Over Fyksesundbrua i Kvam

var det snaut at trafikken seig fram.

Men ein ung politi

fekk no smilet på gli:

Har du hastverk så leig deg ein pram."

Av Nils H. Tuastad (heiderleg omtale)

Rim-ord: Våge og dans.

"I ein kabriolet av dei låge

fekk han skrens inn på kaien på Våge

og han fekk ingen stans

i sin oppbremsingsdans

Før han stoppa der ferjo sko låge."

Av Nils H. Tuastad (dagens vinnar)

Rim-ord: Borgen og fisk.

"Ein merge lat dreng oppå Borgen

la ein utkrøpen plan her ein morgen;

men legen sa bisk

du e` frisk so` ein fisk

så med trygda det blei bare sorgen."

Av Tore Lyssand (heiderleg omtale)

Rim-ord: Sele og telt.

"Han bytte bort ku og det hele

Per Spelemann ut i frå Sele

alt har han selt

no bur han i telt

Opp i Tele for å få att si fele."

Av Tore Lyssand (heiderleg omtale)

Rim-ord: Dale og sol.

"Ei skyttarprinsesse frå Dale

Traff sin prins på danselokale`.

Han såg stjerner og sol

for ho traff med pistol.

Amors pil vil eg helst anbefale!"

Av Sigrun Bukkholm. (dagsvinnar)

Rim-ord: Tjore og draum.

" Her kviler elektriker Tjore.

I spenning så gjekk han frå borde`.

Han tok med ein draum

om å få innlagt straum.

Derfor let han seg frivillig jorde."

Av Sigrun Bukkholm (årsvinnar)

Her har dei rydja og bygt

Av Johannes Vedholm

Naturen.

Desse toppar og tindar, desse nutar og nabbar, desse lier og dette brattlende, desse bøar og bakkar, desse myrar og heiar, desse vatn og tjørner, desse elvar og fossar, desse åer og bekkar. Vidare desse fjordar og viker. Denne vokster omkring nut og rabbar, på myr og i li, på bøar og bakkar. Desse ulike årstider, dette skiftande verlag. Denne grøde og rikdom, og desse uår. Dette er vel Vestlandet vi kjenner?

Ein tankekors for vår tid.

Når ein reiser langs land og strand i vår bratte og steile vestlandsnatur, undrar ein seg over dei buplassane ein ser der høgt oppe i synsrande, gjerne tvers over ein fjord, eller om vegen vår ligg høgt, kan ein og brått sjå eit småbruk der nede i ville lia.

Spørsmålet eg stiller meg er alltid det same: Korleis kjem ein fram dit og kor tungt og vanskeleg er det å koma seg til gards?

Om nokre av desse plassane har busetnad den dag i dag, er dette ikkje buplassar for folk av vår tid. Eg vert fylt av eit sterkt vemod over ein tidsepoke som er over, og det set seg ei snørande kjensle i brystet ved tanken på generasjonane som har levd her i slit og armod, men og i glede og trivnad. Arbeidet og det umenneskelege slitet odla desse forfedrane våre, og dei gav oss nok ein arv av umåteleg verde.

Vidare tenkjer eg meg ofte i deira stad med berre ei kipe på ryggen med øks og pikke, ein spade og eit spett, saman med litt proviant og ein skinnfell, på veg mot ei fjern utmark for å rydja ein gard og byggja ein heim for meg og mine. Sjølv tanken er utan meining, då eg straks ville måtta melda pass. Eg kan ikkje skjønna og forstå korleis eg på nokon måte kunne klara ut med dette. Eg ville verta ein vesal tapar saman med alle andre av vår tid. Vi er ikkje kvalifiserte for slikt eit slit lengre. Idag er det maskinar og effektivitet som gjeld.

Finns det slike einbølte gamle buplassar i Os?


Ja, mange. Det var serleg frå 1780 åra ein fekk slike plassar. Det er no at den nye jordbrukarklassen, plassmennene, rydjer seg gard og byggjer seg heim, gjerne uvegsamt og langt frå vanleg allfarveg, då det oftast var vanskeleg å skaffa seg sentralt liggjande jordstykke for nybrott. Jordbruket saman med jakt og fiske, med attåttnæringa tresko-graving, tredreining og gjerne tjørebrenning, somme stader, var vel stort sett det som var av næring på bygdene i eldre dagar. Det var store barneflokkar på den tida. Alle

borna vaks ikkje opp, men det var likevel mange nok som måtte finna sitt levebrød på annan vis etterat eldste sonen hadde overteke farsgarden. Det er vel gjerne heller ikkje rett å snakka om nokon "farsgard" i det heile, då det berre var omlag fire prosent av Osbøndene som eigde jorda dei dreiv. Dei var leiglendingar for det meste under Munkeliv kloster, Domkapitelet og Apostelkyrkja i Bergen og seinare under baroniet i Rosendal. Vidare eigde og Oskyrkja jord. I tillegg eigde lensherren av Bergenshus omlag ein tidel. Utanbygdsfolk hadde og eigarinteresser i ymse gardar.

Os turlag vitja i vår ein av desse buplassane, nemleg **Skavhella**. Dette er ein plass som ligg mellom Berge på Hatviksida og garden Lio i Hegglandsdalen. Den enklaste og greiaste måten å ta seg fram på no er langs den breide og flotte skogsvegen frå Eidsbrekkevegen og heilt inn på buplassen. Slik var det ikkje før. Eg tykte som forfattar av denne artikkelen at eg i minsto plikta å gå gamlevegen, nemleg Skavhellestegen ned mot buplassen. Det var ingen spøk, kan eg fortelja. Ein burde nærmast nytta tau for å vera trygg nok, iallefall er det absolutt naudsynt vintersdag. Det går og ein veg kalla "Fløgo" frå buplassen og ut mot Berge, men her må ein vera godt lokal-



Skavhellehuset vart flytta til Bø i 1922. Det står slik det var før flyttinga.



kjent for å finna fram.

Her er det sju hustufter, dvs. grunnmurar for eit våningshus, ei hovudløe, ei mindre løe, eit grishus, eit geithus, eit eldhus og ei annan tuft, som kanskje har vore grunnmur for ei smie eller ein tredreieverkstad? I tillegg til dette synar ein liten grunnmur der kanskje utedoen har stått? Vidare finns det ein innmurt bær- eller urtehage, om det ikkje er ei kve då?

Plassen ligg på ei slags hylle, flogbratt ned til fjorden omlag førti meter nedanfor. Bruket har nok ikkje vore serleg stort etter som det ser ut for. Det kan no vera noko vanskeleg å døma om storleiken då området er dekt med mørk og tett granskog. Den vestlandske svepe! Ved sjøen finn ein ei nausttuft utan serleg ly for vind og ver, dårleg hamn med andre ord. Likevel var fiske ei viktig attåttnæring til gardsbruket.

Trass i tung og strevsam veg frå sjøen og opp til buplassen, gjekk for det meste all transport og kontakt med omverda sjøvegen. Handelstaden dei nytta var t.d. Holsundet på den andre sida av fjorden. I omgangskulesamanheng var det vel gjerne derimot å ta seg fram gjennom skog og mark i vanskeleg lende?

Det var i den minste løa at dei russiske krigsfangane hadde teke seg inn etterat dei hadde rømt frå russarfangeleiren på Haugsneset under siste verds-krigen. Fangane vart diverre funnen og avretta.

Den første bureisaren her var Johannes Olson Bø f. 1773, og han bygsla eit stykke utmark her i 1818 og rudde seg gard og bygde seg heim for seg og sine. Johannes gifte seg same året med Marta Peders dtr. Svendsdal frå Samnanger. Tenk kva desse to måtte ha å leva av!

Eller var det slik at Marta som var dotter av ein velhalden bonde i Samnanger hadde fått med seg rikeleg medgift som startkapital til bureisinga? Soga fortel i allefall at desse to levde i sers trange kår. Johannes og Marta fekk fem born, der ein gut døydde ung.

Då Johannes fall frå i 1861, 88 år gammal, tok eldste sonen Nils f. 1822 over bygslinga av bruket. Nils vart gift i 1851 med Abigael Simons dtr. Heggebø frå Gaular f. 1818. Dei fekk fem born saman. Nils var sjømann og jekteskippar i yngre dagar og dreiv seinare med trearbeid heime på buplassen. Han døydde i 1901.

Buplassen var i drift til 1904. Siste oppsittaren her var ekkja etter Nils Johannesson Skavhellen, Abigael Simons dtr.

På denne turlagsturen, var vi så heldige at vi hadde med oss mange av etterkomarane til folket frå Skavhedlo.

Ein kan lesa om Skavhellefolket i Os soga bind III under Eide 3. Sjå og under Bø 1.

Den eldste attlevande slektningen etter desse strevsame menneska er Erling Skavhellen frå Krokeide - no 80 år gammal. Erling er barnebarn til yngste son



Nikolai Nilsson Skavhellen 1861 - 1944.

g. Guri Johannes dtr. Herland Hosanger. 1867 - 1938

til Nils og Abigael, nemleg

Nikolai Skavhellen f.1861. Nikolai var i yngre dagar tambur på Ulven, og det var kanskje difor han hadde råd til å kjøpa seg småbruk på Krokeide då dei flytte frå Skavhedlo i 1904.

Nikolai arbeidde opp og dreiv småbruket på Krokeide saman med kona Guri Johannes dtr. Herland frå Hosanger (1867 – 1938). I tillegg dreiv Nikolai med tredreiing.

Svarstolen, han kalla, som han hadde med frå Skavhedlo er no å sjå på Hordamuseet for dei som har slik interesse.

Erling har mange rike og fine minne etter bestefar sin som levde heilt til 1944 og likeeins det same etter bestemor si.

Den staselege gamle mannen på biletet ovanfor er Nikolai Nilsson Skavhellen.

Ættetavla har Erling Skavhellen sett opp.

Elles kan det opplysast at Skavhedlehuset vart flytta til Bø i 1922, og den dag idag står det der likeeins som den gongen. Sjå biletet.

Kjelder:

Os soga

Magne Lien, Hegglandsdalen

Erling Skavhellen, Krokeide

Forsyningsnemnda

- eit livsviktig organ i krigsåra

Av Eldfrid Moberg

Det som finst av bøker og artiklar om krigstida gjeld først og fremst motstandskampen i sine mange former. Det er skriva mindre om det vanlege kvardagslivet i dei fem harde åra då det stadig vart mindre av mat og kle og sko, av brensel og såpe og alle dei tusen små og store ting folk treng. Etter som det no berre er folk i pensjonsalderen som har opplevd den tida, kan det vera på sin plass å ta med litt i OSINGEN om verksemda til det organet som hadde til oppgåve å skaffa - og fordela på rettferdig vis - dei varene folk måtte ha til livsopphald - først og fremst mat. Det organet heitte forsyningsnemnda og det var ei slik nemnd i kvar kommune. Etter kvart som krigsåra gjekk og forsyningane minka, voks denne verksemda til ei heil administrasjonsgrein.

Det har falle mange harde ord om det militære forsvaret og den militære beredskapen i Noreg i 1940, men det har vore lite å kritisera ved den beredskapen som galdt vareforsyningane. I den siste tida før den andre verdskrigen braut ut i Europa, var det importert store mengder korn og drivstoff og andre varer som det kunne bli vanskeleg å få nok av dersom det vart krig ute i verda. Planane om korleis forsyning og rasjonering skulle organiserast var klare og vart sette i verk over eit halvt år før det tyske overfallet på Noreg.

Elfrid Moberg fortel her om korleis forsyningstenesta vart driven i Os og ho byggjer mest på det ho fekk vita av svigerfar sin, Paul E. Moberg, som var den første forsyningssjefen i bygda.

Den 3. september 1939 braut den andre verdskrigen ut i Europa og her i landet kom forsyningsnemndene straks i arbeid. Os forsyningsnemnd fekk kontor i tredje høga i det nye forretningsbygget til N. T. Moberg, den kvite funkisbygningen som Drageset no har hatt i mange år. Den gongen som no var det butikk i første høgda, i andre heldt Kafe Osingen til. Odd Rosvold var formann i forsyningsnemnda, men den daglege leiinga som forretningsfører hadde Paul. E. Moberg som har fortalt at det i den aller første tida ikkje var så svært store arbeidsmengder. Han for sin del måtte ei tid vera på kurs i Bergen. Heilt annleis vart det då den tyske invasjonen

kom den 9. april 1940. Då vart det eit veldig press på forsyningsnemnda fordi folketalet auka så sterkt med alle bergensarane som evakuerte til Os i den første forvirringa. Det måtte skaffast meir forsyningar og kontoret måtte ha fleire medarbeidarar. Øystein Djuvik og Johannes Tvedt kom då med i arbeidet.

I tida før tyskarane kom, var det eit stort registreringsarbeid som måtte til. Då kom det vel med at medlemene i forsyningsnemnda kom frå dei ymse krinsane i kommunen og var godt kjende i bygdelaga. Dessutan hadde dei ei ordning med grendamenn som hjelpete



Paul E. Moberg
Foto: Os og Fusa Posten

til med å registrera personar og familiar. Frå forsyningskontoret vart det sendt ut kontrollkort der talet på husstandar og personar vart oppført. Ut frå dette vart det levert ut rasjoneringskort. Det var også viktig å få oversyn over kor mykje det fanst av forsyningar rundtom i bygda. Folk måtte føra opp kor mykje dei hadde på lager av varer som kom inn under rasjoneringa.

Hovudprinsippet med rasjoneringa var at livsviktige varer skulle fordelast så rettvisst som råd var, det skulle ikkje vera slik at dei som hadde pengar nok, kunne kjøpa kva dei ville.

Kveitemjøl mot legeattest

Rasjoneringskorta var oppdelte i kupongar som vart klipte av i butikken etter kvart som ein kjøpte sukker, smør eller brød. Etter kvart kom så godt som alle forbruksvarer på kort. Forbruket måtte styrast, og alt så tidleg som 13. april 1940 vart det kunngjort at bakeria ikkje lenger måtte baka bollar og anna småbrød. I månaden etter kom det klage til Hordaland fylkesforsyningsnemnd om at somme bakarar blanda fint kveitemjøl i grovbrødet. Det måtte dei ikkje, for ein måtte spara på kveitemjølet som det var lite av. Dei som fekk barn, fekk tilvising på kvitt mjøl og heilmjøl. Dersom ein var sjuk og hadde

bruk for lettare kost, kunne ein få kvitt mjøl og heilmjøl, men berre mot attest frå lege. Dette var særleg strengt overhalde. Og når det døydde eit menneske i ein familie, måtte rasjoneringskorta til vedkomande leverast inn til makulering.

Kontroll og oppteljing

Kvar månad kom det ein inspektør og kontrollerte forsyningsnemnda. Rasjoneringsmerka vart talde opp og likeins vart rekneskapane i butikkane kontrollerte. Det skulle vera samsvar mellom kor mange merke som var komne inn i butikken og dei varemengdene som var gått ut. Når inspektøren hadde fått det til å stemma, vart merka samla i ein sekk og borne ned i fyrrommet der dei skulle brennast. Av og til hende det at kontrollørane gjekk til middag før dei hadde kasta posen med merka i omnen. Då hende det nok at nokon var fram-på og plukka ut dei finast brukte merka for å bruka dei ein gong til.

Som nemnt kom stadig fleire vareslag inn under rasjoneringa. Frå 9. september 1940 var det rasjonering av tekstil- og lærvarer. Då måtte folk ha kleskort og skokort, men jamvel om ein hadde kort, kunne det vera vanskeleg å få noko som helst på dei. Dersom butikken var tom for varer, nytta det lite med

kort. Og kvaliteten på varene vart ringare etter kvart, klesplagg av cellulosefiber og sko av fiskeskinns med solar av tre tolte ikkje store påkjennningar.

Dersom ein var over ein viss alder, kunne ein få kort på brennevin og tobakk. Særleg tobakk var ei mykje etterspurd vare, og det var mange som dyrka tobakksplantar sjølve.

Matdyrking på alle jordlappar

Dei som ikkje var bønder, men hadde ein liten jordlapp, fekk pålegg frå jordstyret om å dyrka poteter og grønsaker. Formann i jordstyret var Anders Grinde, som var gardsstyrar på Kysthospitalet, og det var mykje samarbeid mellom jorystyreformannen og forsyningsjefen. Forsyningsnemnda og jordstyret heldt møte rundtom i krinsane for å fortelja folk korleis dei kunne dyrka mat på små jordflekkar. Det var viktig å få tak i såkorn og setjepoteter. Det vart halde oppteljing av kor mykje poteter privatfolk hadde på lager og det måtte læraren i krinsen hjelpa til med. Etterpå fekk nye potetdyrkarar utlevert setjepoteter. Det vart og sendt ut skriv om rasjonering av såvarer. Dei som ikkje hadde noko jord til å dyrka mat på, hadde det ofte trongt. Dei som ikkje hadde tilgang til noko anna enn det dei fekk kjøpt på rasjoneringskorta, kunne ha det svært smått med både mat og kle. Særleg hardt var det for dei med store barneflokkar. For somme av dei som ikkje hadde jord, var det ei hjelp at det vart ordna med parsellar på Ytre Moberg der ein kunne dyrka poteter til eige bruk.

Skjema og kontroll vart det meir og meir av. Det vart kontrollert kor mange husdyr gardbrukarane hadde. Dei måtte fylla ut husdyrskjema og etterpå kom kontrolløren til gards for å finna ut om det var fleire dyr enn dei som stod på skjemaet. Dersom ein bonde fekk snusen i kva for gardar kontrolløren skulle til, ringde han rundt og sa frå. Då kunne dei gøyma bort dyr som ikkje stod på skjemaet. På det viset kunne det bli litt ekstra mat til dei som trong det mest.

På potetkjøp i Rogaland

Forsyningsnemnda i Os hadde god kontakt

med fylkesforsyningsnemnda i Hordaland. Sjefen der var Nils Tveit som var ordførar i Os til 1941. Fylkesmann Gjert Lindebrekke var også grei å ha med å gjera. Særleg viktig var dette i den første tida etter 9. april på grunn av den store tilflyttinga til Os og den tilsvarende auken i trongen for matvarer. Men det kom bra med forsyningar frå Bergen, med all slags transport, jamvel med renovasjonsbilar. Det vart skipa til fleire kornlager i bygda, på Mobergslø, på Lysekloster og i Lønningdal.

Det var stor mangel på poteter i området og Nils Tveit gav Paul E. Moberg i oppdrag å reisa til Rogaland i lag med jordstyreformann Anders Grinde for å kjøpa poteter. Eit fiskefarty vart leigd i Øyane og så gjekk ferda sørover. På grunn av krigstilstanden måtte dei halda seg i indre lei. Dei gjekk til Ølen og la båten der. Så for dei over land til Sandeid og reiste til Stavanger med rutebåt. Der vende dei seg til fylkesforsyningsnemnda og fekk god hjelp. I Stavanger vart det skaffa ein annan båt som gjekk med potetlasta til Sandeid. Det høyrer med til historia at Paul E. Moberg gjekk omkring med 15 000 kroner i kontantar i lomma - ein svær sum i dei dagar. Pengane hadde han fått frå Nils Tveit til bruk på potetkjøpekspedisjonen. Men det gjekk greitt når han kunne gjera opp for seg med kontantar både til bøndene som selde poteter og til dei som hadde båt og lastebilar til å frakta varene med. Skøyta frå Stavanger vart lossa i Sandeid, potetene (som var i sekker) gjekk så med lastebilar over til Ølen der Øyabåten låg og venta. Så var det å lasta ombord og deretter bar det til Halhjem der det vart ny omlasting til bilar. Dei køyrde til Sjøteland der potetene vart lagra på planteskulen. Dei gjekk elles fort ut att, for det var fleire kommunar enn Os som skulle ha sin del av dei.

Tobakksnaud og skognag

Det var så mangt ein opplevde av vanskar og kriser i forsyningstenesta, men Paul E. Moberg mintest også andre episodar. Ein gong då han var i fylkesforsyningsnemnda i Bergen kom det inn ein sambygding med dette spørsmålet:

«Kan du hjelpa meg med å fylla ut eit

skjema?» Jau, Moberg meinte han var kvalifisert til det. Då tok osingen opp eit sigarettpapir og heldt det fram. Han visste at forsyningssjefen putla litt med heimeavla toakk. Han fekk fylt i både det eine «skjemaet» og nokre til.

Elles opplevde forsyningsfolka ikkje så få merkelege skjema og søknader med meir og mindre fantasifulle argument. Dei hadde glede av eit søknadskjema frå ein ung mann i Øyane som gjerne ville ha skokort. På dette skjemaet skulle ein føra opp kva yrke ein hadde, og det hadde ungdommen gjort. Han hadde skrive: Fotgjengar.

Utvalde forsyningsinspektørar

På grunn av dei mildt sagt spesielle politiske tilhøva i landet under okkupasjonen, var det mykje uvisse om ein burde ta stillingar i offentleg teneste. Det galdt også i forsynings-tenesta. Hausten 1941 fekk Paul E. Moberg førespurnad frå konsulent i Forsyningsdirektoratet, Hans Borgen, om å ta stillinga som forsyningsinspektør i Sogn og Fjordane.

I dette direktoratet var det kjende vestlendingar i leiinga. Nicolai Schei var direktør og Bjarne Robberstad kontorsjef. Og konsulenten var den Hans Borgen som seinare vart ein svært kjend politiskar i Senterpartiet. Moberg var sterkt i tvil, men han kjende Borgen frå studietida på Landbruks-høgskulen, og han reiste inn til Oslo for å drøfta saka. Han la fram sine tvil om det var rett å byta jobb i det offentlege slik tilhøva var. Borgen forsikra at stillingane som forsyningsinspektørar var klarerte på høgaste hald i den sivile motstandsorganisasjonen. Det var gjort slik at stillingane ikkje vart utlyste. Dei som skulle tilsetjast var handplukka. Han la fram ei liste over dei han hadde plukka ut i samråd kontorsjefen og direktøren. Over halvparten var studiekameratane mine frå landbrukshøgskulen, fortalte Moberg. Mellom dei var han som skulle overta i Sør-Trøndelag, Per Borten, som mange år seinare vart statsminister.

Det vart til at Paul E. Moberg tok stillinga i Sogn og Fjordane.



Eit lite utval av rasjoneringskort frå krigstida. Så å seia alt som kunne tenkjast av varer var rasjonert - matvarer, kle, sko og mykje, mykje meir. Det var knapt med varer etter krigen også, og fleire år etter krigen var ein del varer «på kort» som det heitte i daglegtalet.

Heradstyret 1901

Herredstyrelsesmøde 21. Januar: "Ølbevilgning gaves til fru Hansen mod 1 st., Elvig mod 1 st. og Nilsen mod 3 st. Ølskatten for Elvig og Nilsen nedsattes til kr. 40,- for det forløbne aar."

Samme dato: Udtale til Tyendelov. "Fælles Faredag ønskes helst 14. April og 14. Oktober. Lovbefalt Fritid for Tjenere paa Landet ansees upaakrævet."

Herredstyrelsesmøde 27. Mars: "Forslag om at søge Tiur og Røi fredet hele Aaret tiltredes enstemming"

Samme dato: "I Anledning Skrivelse fra Kirkedepartementet hvori meddeles at det beror paa en Feiltagelse at Sognepresten har afsat af sine Indtægter til Lønningsfondet besluttedes De afsatte Beløb tilbagebetales Sognepræst Jørstad."

Samme dato: "Et Tilbud fra Haldor Lønningdal om at forbedre Skolelokalet for Indrekredsen mod at han tilsikres kr. 80,- pr aar vedtages enst."

Samme dato: "Mod 3 st. gaves Øl- og Vinbevilgning til Solstrands Hotel og Aadlands hotel. Bevilgning næktedes M.Nilsen, Ekedalen med 7 mod 7 st. og Leganger, Osøren. Bevilgningen gives paa sædvanlige Betingelser."

Herredstyrelsesmøde 21. August: "Andragende om udstikning af Vei fra Hovedveien over Søfteland til Haukelands Indmarksgjerde bliver at tilstille Amtingeniøren."

Os Sognestyre samme dato: Lærer Djuvik ansattes som Organist med en Løn af kr. 120,- pr Aar. For Brudevielser betales kr. 3,-"

Herredsbudget for 1901

Udgift:	Skolebudget	kr.	8.500,-
	Amtsskat	"	4.026,15
	Renter og Afdrag	"	1.000,-
	Lensmanden	"	100,-
	Veivæsenet	"	300,-
	Thinghold	"	75,-
	Revision	"	20,-
	Ligningen	"	100,-
	Jordmødrene	"	172,-
	Kasseren	"	60,-
	Rigsforsikringen	"	36,-
	Præstegaardsbygningerne	"	200,-
	Skyds og Diæt til Præsten	"	375,-
	Assurance, Vedligehold, tilfældige Udgifter "		518,85
	Sum	kr.	15.483,-
Indtækt:	Handelsskat	Kr. 383,-	
	Indvundne renter ..	" 100,-	—483,-
	Sum	kr.	15.000,-

Der faareslaaes 5.000,- paa Matrikulen og 10.000,- paa Ligning.

Eit midtpunkt i teaterlivet i Karla Særvold

*For ein som berre var smågut den gongen dei første lokalrevyane vart framførde i det gamle Fjellheim, står minna om det i ein særleg glans. I eit program i fjernsynet nyleg var det ein moromann som sa at teatret - i motsetning til film og fjernsyn - var først ute med lyd og fargar. Kanskje er det noko av forklaringa på at minna om den aller første teateropplevinga etter godt over seksti år står i eit særskilt lys. Det vesle ein smågut fekk med seg av dei legendariske lokalrevyane i det gamle ungdoms-
huset gjorde eit meir varande inntrykk enn mykje av det han seinare opplevde av teater, film og fjernsyn. Litt har det nok å seia at dette var berre kort tid etter at filmen fekk lyd, men fleire år før han fekk fargar og det var mange tiår før fjernsynet.*

Men mykje av forklaringa ligg nok i at så mange av dei som stod på scena, var folk ein kjende og såg rett som det var borte på Osøyro. Og dessutan : Om ein ikkje skjønna alt dei tok for seg , så var det nære ting. Og så var revyane så søkkande gode !

Revyane vart til ved dugnad og innsats av mange, ikkje minst at folk som skreiv og dikta og laga kulissar og sytte for musikken og alt som elles måtte til. Dei såg ikkje småguten noko til . Det var dei som stod på scena han var oppteken av. Og i minnet til småguten som no er ein gammal mann, står Karla Særvold som eit strålende midtpunkt i framsyningane - full av liv og sprudlande humør anten ho song viser eller dansa i balletten eller spelte i sketsjar. Og så fin og flott som ho var, endå om ho var litt oppi åra - minst 17-18 år, trudde han !

Det var vel kanskje 20 ho var den første gongen han såg henne på scena, men ho var berre 18 då ho var med i den aller første Osrevyen i 1934. Siste gongen ho

var med og spelte teater var i 1987. Det vil seia at ho var aktiv i det lokale teaterlivet i over eit halvt hundre år.

Interessa for å syngja og spela teater for eit publikum vart vekt då ho som jentunge vart KFUK-speiar. I lag med Eldbjørg Aksnes og Anne Lyssand (Annemor i Heien) tok ho til med å underhalda med song på tilstellingar av ymse slag.

- Etter konfirmasjonen vart eg med i ungdomslaget og der dreiv dei mykje med skodespel, fortel Karla. Ho fekk roller i fleire stykke og blant dei andre ho spelte i lag med nemner ho Nils og Barbra Hauge og Harald Søvik.

I 1934 vart så den første Osrevyen sett

Os i femti år -



Mange osingar kjenner dette biletet av Karla frå den tida det stod i det som på folkemunne var kalla «Gapestokken», utstillingsvindaugst fotograf Gunnar Mortensen hadde i Drageset-bygningen på Osøyro. Karla var eit ærend på Osøyro og hadde det travelt, men Gunnar Mortensen ville absolutt ha henne opp i atelieret. Han ville ha eit bilete av eit naturleg menneske, sa han. Fotografiet vart teke i 1952 då Karla var 36 år.

opp. Ho vart med der og ho var av dei som var med på alt - visesong, ballett og sketsjar. Mellom dei som skreiv tekstar til revyane hugsar ho Henrik og Harald Lyssand, Annanias Skorpen og Øystein Djuvik.

Og av skodespelarane minnest ho Nils Øvreeide og Lars Berge som framførte den velkjende Tvillingavisso - « Me e' tvillinga , me ... » - eitt av dei innslaga folk skratte aller mest av.

Arbeid natt og dag

Karla budde på Bø og arbeidde i butikken til Guro Lyssand. Handelsbua til Guro Lyssand låg nett på oppsida av krysset mellom vegane som no heiter Midtbøvegen og Sjoarvegen. Der heldt dei lenge ope, og etter stengjetid skulle det ryddast og gjerast reint, så det var ofte ho ikkje var ferdig på arbeid før kl 20.30 om kvelden. Først etter den tid kunne ho vera med på øvingane i Fjellheim, så det var ei hard tid når dei var i innspurten til ein ny revy. Dessutan måtte dei sy kostymene sjølve, så det kunne bli både sein kveld og natt før alt var klart.

- Eg hugsar ein gong eg var så trøtt at eg ramla, minnest Karla. - Det var ofte eg ikkje hadde tid til å springa heimom før eg skulle i Fjellheim, og det hende eg måtte be dei som styrde med revyen om å senda ein drosje for å henta meg i butikken.

Så harde dagar kunne ho ha over lengre tid, for dei brukte nokså lang tid på øvinga for å få alt til som dei ønskte. Ho kan ikkje hugsa at det var noko særleg av instruksjon, det var helst slik at ein fekk utlevert ein tekst og så måtte ein sjølv prøva seg fram og forma det etter sitt eige hovud. Det var viktig å læra teksten godt og grundig. Dei hadde nok sufflør, men ho hadde lett for å læra og hugsar tekst, så ho hadde lite bruk for suffli.

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*



5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

Bohus

Telefon: 56 30 34 10

Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

*Hos oss får du alt du trenger innen bøker, fag-
litteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!*

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: m.k.olsen@interbok.no

*Velkommen
som medlem
i Os Målag*

OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet
for norske folkedansar:

Songdans, turdans,
gamaldans og
bygdedans.

Sjå lysing i
Os & Fusaposten

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Planterekole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.

Kvalitet!

- VERKTØY -
 - MASKINER -
 - REDSKAP -
- for
HUS OG HAGE

JERNIA

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS

- Og slik var det kanskje med dei fleste ?

- Tja, kanskje ikkje alle, i alle fall ikkje alltid. Og ein som var mykje på scena og som var ein god skodespelar og framifrå komikar - Erik Bugge - hadde det med å improvisera . Når han var i det mest sprelske hjørnet var det om å gjera at ein sjølv også kunne improvisera, slik at det vart ein samanheng i det!

-Eg kan ikkje hugsa om det var Erik eller broren Fridtjov som ein gong skulle spela sin eigen far, gamle lensmann Bugge. Sonen hadde i alle fall vore og «lånt» kle og andre rekvisittar frå skåpet til faren og sminka og stelt seg til så han skulle likna faren.

Gamlensmannen sat på første benk då sketsjen vart spelt og hadde denne kommentaren: « Er eg så stygg som det der, skyt eg meg i morgon! »

Til DNS eller Komedia ?

- Dei av oss som var mest teaterinteresserte reiste gjerne til byen og såg teaterstykke for å få impulsar og koma litt i kontakt med profesjonelt teater, fortel Karla. Ein må hugsa at Den Nationale Scene i Bergen av mange var rekna som det fremst teatret i landet i midten av 1930-åra. Dei sette opp mykje ny dramatik, ofte stykke som var sterkt omstridde i samtida.

Den gamle Fjellheim-bygningen brann i 1936 og det Fjellheim som står der den dag i dag, vart opna i 1938.

- Ved opninga spelte vi eit skodespel, eg trur det var «Til seters». Då var den kjende DNS-sjefen Hans Jacob Nilsen til stades og han spurde om eg ikkje kunne tenkja meg å koma til Den Nationale Scene. Lars Nygard som var sjef på Komediateatret snakka også frampå om eg ville prøva meg der. Men eg var ikkje mota på å gå over til eit heilt anna miljø som utan tvil var heilt annleis enn det trygge og heimlege eg var van med, så eg ville ikkje gjera hobbyen min til yrke, seier ho..

Det var vel nettopp samarbeidet med personar ein kjende så godt frå kvardagslivet som gjorde at folk kunne slita slik dei gjorde seint og tidleg for å få i stand revyane og setja opp andre teaterstykke. Så å seia alt ved revyane var sjølvgjort. Nokre tekstar vart nok framførte til kjende melodiar, men det vart også skrive musikk særskilt til revyane, m.a. av Henrik Lyssand.

Og ikkje minst kulissane minnest Karla med glede. Det var Sigurd Bugge som oftast var meister for dei, og ho nemner særleg eit innslag med skodespelarane i kostymer som sjøfolk på ein strålende flott «Stavangerfjord» han hadde trylla fram.

Aldri dårleg kritikk

Karla Særvold har samla mange avisutklipp og bilete frå si tid i det lokale teaterlivet og når ho kikkar gjennom bunken , kan ho slå fast at ho aldri har fått dårleg kritikk. Det er sjølv sagt hyggeleg å kunna slå fast når ho som 85-åring ser tilbake på eit drygt halvthundre år med revy og teater av ulike slag. Ho synest det var greitt at ho fekk runda av skodespelartida si med å spela i kyrkjespelet «Jeremia» .

No puggar ho ikkje lenger tekstar, men ho er mykje oppteken av ord. Karla Særvold driv hardt med kryssord-løysing og har vunne premiar på det området også. Kryssord er eit framifrå middel til å halda liv i dei små grå, seier ho.

Svar

1. Svinningen
2. Amfisenteret
3. Bjørnefjorden
4. Radi-Os
5. Bergen
6. Ole Bull
7. 1988
8. Innerøy

INGEN KAMERATAR HADDE
STAKKARS FABIAN...



HAN VAR IKKJE SOM FLERTALET,
SÅ INGEN LIKTE HAN

HAN SPELTE OFTE MUNNSPEL
VED EIN TRAKTOR PÅ EIT FJELL



HEI...



DER KOM DET EINKVÅN BORT TIL
HAN, DET VAR EIN TORS DAG KVELD

HAN INVITERTE FABIAN
TIL ØVING NESTE DAG

BOB HER.
HEY!



DEI SA AT BANDET HADDE BRUK
FOR NOKON AV HANS SLAG.

OG ALT PÅ LAURDAG SKULLE
BANDET HA EIN SPELEJOBB



DÅ MÅ DU SPELE MED OSS,
UTRA VOKALISTEN, BOB.

KONSERTEN, DEN VAR VELLUKKA
OG FABIAN VAR GLAD



HANS SISTE MUNNSPELSOLO, JA
DEN VAR SÅ SINNESSJUKT BRÅ!

OG ALLE APPLAUDERTE HØGLYTT
ETTER KVAR EIN SONG



OG FABIAN VAR LUKKELEG
FOR ALLER FØRSTE GONG

OG FABIAN GJEEK HEIMOVER
I DENNE VAKRE NATT...



DA TRAFF HAN DA EIT INDIVID
MED VESKE, STOKK OG HATT

OG DET VAR HARDE KAMFERDROPS
I VESKA (SOM VAR RØD)...



..OG LENGE LEVE FABIAN
-FOR FABIAN ER DØD.

RØNDA'01

I kjølvatnet

Av Lars Skorpen

Slagkryssaren "Scharnhorst" var ein farleg fiende for dei allierte Murmanskkonvoiane under siste verdskrigen. Kjempa måtte stoppast for godt. I det siste, store sjøslaget i europeisk farvatn – seinare kalla "Slaget om Nordkapp" – samlast ein stor alliert sjøstyrke for å ta eit oppgjær med den tyske trusselen. Jagaren "Stord" var med. David mot Goliat.

Morfar

Klokka ni om kvelden den 23. desember 1943 letta KNM Stord anker. Det var snøstorm i Akureyri på Nord-Island. Etter ein times tid var båten i rom sjø. Kursen vart sett mot nord-aust. Berre eit par timar til sjølvaste julaftan. Anton Bårholm var som vanleg på plass om bord. Han

gjorde jobben sin i byssa til punkt og prikke. Mannskapet måtte ha mat. Heilt sidan flukten frå Fitjar eit par år tidlegare hadde han gjort teneste på norske marinefartøy. Han var blitt ein velrøynd marinegast og krigar.

At han skulle leva livet sitt på Os etter krigen ante ikkje Anton Bårholm noko



KNM "Stord" og Anton Bårholm.

om. Han var ei sjel og ei skjorte. Tankane var heile tida retta mot frigjering av folk og fedreland. Fred og fridom.

Etter nokre dagar med storm og mørke spraka det i høgtalarane. Sjefen sjølv, Skule Storheill, beordra frivakta på banjeren for å sova. Sitrande spenning. Lite søvn.

Kamp

Klart skip! Alarmen går litt før klokka 15 andre juledag. Støvlar med trebotn mot jarnleidarar. Eit rabalder utan like. Det kan kanskje kallast kaos – observert av eit uøvd auge. Men dette er drilla, og Anton Bårholm kjem snart på plass i ammunisjonsmagasinet.

Med sjøen vaskande over skipet styrer den norske jagaren opp mot den frykta fienden. Fyrer av åtte torpedoar. Kjempa svingar mot "Lucky Stord" og legg breisida open for torpedoar frå dei andre jagarane. Snart dukkar slagskipet "Duke of York" opp og gir "Scharnhorst" dødsstøyten. Båten går ned med baugen først. Av mannskapet på nærare 2000 blir berre 36 redda. Klokka er åtte om kvelden.

Barnebarn

Det nærmar seg 60 år sidan dei dramatiske timane i jula 1943. I alle år etter krigen har ein spekulert på kvar slutfasen av kampen føregjekk. Det bles storm med orkan i kasta. I mørke med høg sjø var det vanskeleg å bestemma nøyaktige posisjonar. Det har vore stor uvisse om kvar slagkryssaren sakk. Like til



Marion Jæger om bord på KNM "Tyr".

Sjøforsvaret, Forsvarets Forskningsinstitutt (FFI) og eit filmteam frå NRK slo seg saman.

Ein seinsommardag i slutten av september i fjor fann ein vraket av "Scharnhorst" 66 nautiske mil nordaust for Nordkapp. På Nordkappbanken. 290 meter under havflata. Det var leita i eit område på fleire hundre kvadratkilometer. Ein innsats som tok tid og tolmod.

Om bord på KNM "Tyr" var Marion Jæger frå Os kokk. Ho sytte for mat og mette for mannskapet medan dei leita etter båtvraket som morfar hennar, Anton Bårholm, var med på å senda til botnar. No var det barnebarnet som var mannskap på eit norsk marinefartøy på jakt etter "Scharnhorst".

Tankar om fred

av Anna Altmann

Ein tanke flyr forbi -
fang den inn - gi den ord
ord om fred.

La sinnet fyllast med
gode tankar - til gode gjerningar
til arbeid for fred.

Dine tankar om fred
modnast i smerter
i ei iskald verd.

Septemberregn i Hordaland

av Anna Altmann

Vatn i håret -
vatn i sko.
Bekker frå liene
hoppande -
dansande -
veksande - fossande.

Livet er lystig
og verda er god!

Elver i dalane
i veldige stryk,
hastar mot havet.
Takkar for festen -
og bur seg til neste.

Det snør

Av Sigrun Bukkholm

To augo stirer seg undrande omkring,
Ser landskapet gradvis endrar seg -
frå grått til strålende kvitt.
Dei skjønar ikkje kva som hender.

Liten nasetipp opplever det første snøfnugget.
Det kjennest godt og vondt på same tid.
Godt, fordi det er ei ny røynsle.
Vondt, fordi det trass alt er vått og kaldt.

Små hender grip etter fnugga og vil fanga dei,
leika med dei.
Men dei dansar forbi og let seg ikkje fange
av små, nyfikne barnehender.

Runde kinn vert raude og lyser friskt
mot alt det kvite.
Heile vesle kroppen opplever sin første vinter.
To undrande augo ...
Det snør!

Bilens Butikk as



BIL - BÅT - MOPED - MC

Ta turen til våre nye lokaler v/E39. Vi ordner det meste for deg.
SERVICEHALL BIL/MC • Forhandler for DERBI - JAWA - STARWAY

AUTO GLYM
bil/båt-pleie

MANN
filter

VALVOLINE
oljer

BELRAY
MC-olje

WALKER
eksosanlegg

JORDMORSVINGEN 8, 5200 Os
bilens.butikk@os.online.no

56306350

SpareBank 1 Vest



Drømmer du om virkelig **STOR** avkastning?
Spar 1000 kroner i måneden og se resultatene
etter ti, femten, tyve år...

	10 år	15 år	20 år
300,- pr. mndr	62 778,-	126 713,-	231 907,-
500,- pr. mndr	103 276,-	208 962,-	382 848,-
1000,- pr. mndr	206 552,-	417 924,-	765 697,-
1500,- pr. mndr	309 828,-	626 886,-	1 148 545,-
2000,- pr. mndr	413 104,-	835 849,-	1 531 394,-

Tallene viser sparing i fond med beregnet årlig avkastning på 10%.
Oslo Børs har over tid gitt en gjennomsnittlig avkastning på ca.
10%. Historisk avkastning er ingen garanti for at utviklingen
blir like positiv i fremtiden.

Kanskje du tidlig i livet vil sette av penger
til pensjonstiden, til en drømmereise eller
for å ha penger i bakhånd til kommende tider.

Start sparingen nå og se hvordan sparebeløpet øker
for hvert år som går. Vi tilbyr 31 ulike fond - fra
tilnærmet risikofri sparing med lav og sikker avkastning
- til investeringsprodukter med høy avkastning og høy,
men kalkulert risiko.

**Stikk innom vårt kontor på Os eller ring oss på
tlf. 56 30 07 00. Du kan også ringe DnB Direkte,
tlf. 810 00 365.**

 **Den norske Bank**

OS MÅLLAG

SKIPA 1920

Styret:

Leiar: Elfrid Moberg

Skrivar: Signe Rydland

Kasserar: Oddvar Bentsen

Styremedlem: Marie Hauge, Lars Skorpen

Ta kontakt med eit av styremedlemmene.

Din totalleverandør av finansielle tenester

Nordea

Filial Os - 5200 Os - Telefon 56 57 01 00 - Telefax 56 57 0110

Vi tilbyr alle tenester innanfor rørleggarfaget, som:

*Off. Vass- og kloakkanlegg • Varmeanlegg • Sanitæranlegg
Rehabilitering av sanitær- og varmeanlegg
Tilstandskontroll av sanitær- og varmeanlegg
Servicearbeid på tekniske anlegg
Tv-inspeksjon av rør og kanaler
Lokalisering av rør og kablar
Utleige av minigravar*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING



POSTBOKS 226, 5201 OS
TELEFON: 56 30 15 83 • FAX: 56 30 12 50

Klær for heile familien

CUBUS

Tlf 56 30 23 80



URMAKER • GULLSMED
FAGERTHUN
Os sentrum • 56 30 13 12



EIN LOKAL MEDSPELAR



LOKALKONTOR
Bjørnegården
5200 OS
Tlf. 56 30 06 90

REGIONKONTOR
Solheimsgt 13
5892 Bergen
Tlf. 53 01 86 00

Rådgjevande ingeniører 



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Lager Kolskogen: tlf.: 56 30 16 17

BESTILL DIN REISE HOS



OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 2741 - 5201 OS

TELEFON: 56 30 43 00

FAKS: 56 30 43 10
MOBIL 901 77 387

DET GJØR VI!

Møbelservice a.s

Tidlaus Eleganse

5212 SØFTELAND
TLF. 56 30 71 70 • FAX. 56 30 74 35
www.mobelservice.no
e-post: post@mobelservice

SJEKK SYNET HOS OSS
INTEROPTIK

H. Bakketeig AS

Telefon: 56 30 18 00
Telefax: 56 30 76 50



56 30 10 55

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.



SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSKAP

Hos oss kan du få dekket dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



**Gjensidige
NOR**

OS

Tlf.: 56 57 20 00



Bli abonnent du òg!

*Her finn du
SISTE NYTT
om det som hender
i heimbygda di!*

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 273 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

FARGERIKE Interiøren

AS Os Fargehandel

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

***Roser og
dekorasjonsplanter
Gartneriutsal***

Erling og Terje Lunde - Gartneri

5200 Os - Telefon: 56 30 40 70

**GEO
GRAFISK A.S. BERGEN**

**Kvalitets-trykksaker
til riktig tid og
riktig pris!**

Geo Grafisk AS Bergen
Besøksadresse: Kokstaddalen 47
Postadresse: Postboks 161 Kokstad • 5863 Bergen
Telefon: 55 98 59 59 • Telefax: 55 98 59 49
E-post: grafisk@geo.no

forn

lokale sølvminner fra jernalderen



Sølv & gullsmykke inspirerte av
fornfunn frå Os, Fusa og
Kvinnherad.

- Eigen ny brosjyre
- 71 ulike modeller
- Gunstige prisar

Gullsmid
Johan Eide

OS SENTRUM OG
AMFISENTERET FLÅTEN

HVOR SOM HELST - NÅR SOM HELST

**Gaia har turbusser til
alle formål**

KONFERANSER

DAGSTURER

BLÅTURER

JULEBORD

MØTER

KURS



Ring oss direkte på telefon

55 55 44 54 eller 55 55 44 84

e-post: gaiareiser@gaiatrafikk.no



Gaia Trafikk AS, Postboks 7405, 5020 Bergen



**Varme- & Bad-butikken din på Os
Engevik Rørleggerservice.**

Landboden, 5200 OS

Tlf. 56 57 60 90 - Fax 56 57 60 91

Mobil 90 78 68 98





*Stemneplassen i Mobergshaugane (Vetlasletto) der Os kommunale barnehage ligg no.
Biletet er teke tidleg på 1960-talet. – Foto: Øyvind Tøsdal.*